

**Fra:** Bakkebø, Ole <fmhooba@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** 26. februar 2018 10:14  
**Til:** Bakkebø, Ole  
**Emne:** Message from KM\_C654e  
**Vedlegg:** SKM\_C654e18022610140.pdf

Lindås kommune

Landbrukskontoret ved Kjartan Nyhammar

Justering av avkøyrsløse frå gnr /bnr 58/9 i Lindås til fylkesveg 404 Lurevegen .

I samband med søknad om utvida avkøyrsløse, har Statens Vegvesen bedd om mindre justering av eksisterande avkøyrsløse for å betre påkøyring frå gardsvegen. Med dette som bakgrunn vil vi for skuld orienterte kommunen ved landbruksforvaltninga om tiltaket. Etter vår oppfatning er ikkje inngrepet søknadspliktig, men landbrukskontoret lyt ta standpunkt til om dette er ei sak utifrå den informasjonen som ligg i dette brevet.

Tiltaket dreier seg å betre avkøyrsløse mot sør med radius 4 m . Dette inneber å fylle stein /grus ned i eit søkk i terrenget som grenser til vegen - sjå vedlagde kartskisser. Det kan dreie seg om anslagsvis 10 kva areal på sørsida av steingarden. Det er ikkje nyttbart areal i dag, sidan det er eit søkk/grøft i terrenget. Saka dreier seg difor ikkje om omdisponering av nyttbart jordbruksareal. Tiltaket inneber også fjerning av om lag 2 kvm steingard. Den er nett her<sup>s</sup> vært låg og ikkje i stand. Meininga er å ta den nyttbare resten av denne steingarden og reparere ødelagt steingard lenger nede langs gardsvegen der den delvis er rast ut. Det vil alle vere tent med.

Tiltaket vil betre atkomst for alle eigedomane slik at det er muleg å køyre inn/ ut med traktor + henger . Avkøyrsløsa vert dessutan meir sikker og oversiktleg for trafikkantane.

Vi ber om at kommunen raskt avklarar og sjekkar ut dette og gjev oss ei tilbakemelding.

Lygra den 26/febr -2018.

Med takk

Ole Bakkebø



Eigar av gnr/bnr 58/9

Astrid Pletten



Eigar av steingarden og gnr/bnr 58/5

Udlegg: 2 kartskisser

\* Ca 3-4 løpemetre.